




Kjerneenergi

Her er nokre døme på kjerneenergi:





Sola er ein gigantisk kjernefysisk fusjonsreaktor som produserer enorme mengder med energi gjennom fusjonsprosessar inne i solkjernen. Hydrogenkjernar fusjonerer saman for å danne helium, og i denne prosessen blir det frigjort store mengder energi i form av lys og varme. Denne energien gir solstråling, som gir jorda vår lys og varme. Det er det som gjer at vi kan leve på denne kloden vår.

Kjerneenergi blir brukt i kjernekraftverk for å danne elektrisitet. Kjernefysiske reaksjonar, som med fisjon splittar uran- eller plutoniumkjernar, frigjer enorme mengder energi, som blir brukt til å varme opp vatn og produsere damp. Dampen blir brukt til å drive store turbinar til å rotere fort. Turbinane driv generatorar, som lagar elektrisitet.




Nokre ubåtar går på kjernekraft. Dei har ein atomreaktor som lagar damp. Dampen blir brukt til å drive ein turbin som gir elektrisitet om bord i ubåten.


Curiosity bruker radioaktivt materiale som varmekjelde. Han bruker også ein generator som kan forandre varmeenergi til elektrisitet.



Mange røykvarslarar inneheld ei lita mengd radioaktivt materiale som heiter amerikum-241. Når røykpartiklar kjem inn i varslaren, hindrar røyken mange av alfastrålane i å nå fram til sensorane, og alarmen går.


Kjerneenergi blir også brukt i kreftbehandling, spesielt i form av strålebehandling. Ein partikkelakselerator produserer høgenergi stråling, som blir retta mot kreften. Strålinga øydelegg kreftcellene utan at pasienten må operere.







Kjerneenergi

Her er nokre døme på kjerneenergi:





I sola blir det skapt kjerneenergi.

I kjernekraftverk blir det skapt kjerneenergi.



Ubåtar bruker kjerneenergi for å få straum.

Curiosity bruker kjerneenergi for å få varme og straum.



Røykvarslaren bruker kjerneenergi for å sjå røyk.

Legar bruker kjerneenergi for å øydeleggje kreft.

